

---

**Avtale om økonomisk oppgjør etter  
overdraging av justeringsrett**

mellom

**NN**

org.nr .....

Adresse:

**" Overdragar"**

og

**Osterøy kommune**

org.nr. 864 338 712

Adresse:

Rådhuset

5282 Lonevåg

**"Mottaker"**

---

NN som Overdragar og Osterøy kommune som Mottaker, i fellesskap kalt "Partene", er samde om å inngå avtale om overdraging av justeringsrettar knytta til etablering av offentleg veg- og VA-anlegg i reguleringsområdet Vevleheiane bustadområde planid 1253 2013003.

Forutsett at vilkårene for overdraging av justeringsrettane for øvrig er oppfylt er Partene samde om følgjande økonomiske oppgjer etter overdraging av justeringsrettane:

## **1. Økonomisk oppgjer**

Som økonomisk oppgjer for overdraging av justeringsrettar skal Mottaker betale til Overdragar 85 % av justeringsretten så langt Mottaker mottok momsrefusjon.

Det økonomiske oppgjeret for justeringsrettane fordeles over justeringsperioden og gjennomførast som skildra i «Avtale om overdraging av justeringsrett».

Overdragaren skal gi påminning til Mottaker om fremsetting av justeringskrav innan 31. desember det enkelte justeringsår.

Mottaker fremjer krav om justering av meirverdiavgiften i omsetnadsoppgåver/kompensasjonsoppgåver for 6. termin kvart år. Dersom, uavhengig av årsak, justeringsbeløp ikkje utbetalast frå avgiftsmyndene til Mottaker, har Overdragaren ikkje krav på overføring frå kommunen.

Dersom Overdragaren har gløymt å sende Mottaker påminning som nemnt over, og Mottaker av denne grunn ikkje har fremja krav om justering av meirverdiavgift til staten, har Overdragaren ikkje krav på justeringsbeløp dette året.

Etter at meirverdiavgiftsbeløpene er utbetalt frå staten til Mottaker, skal Mottaker innan ein månad etter utbetaling overføre beløpet til Overdragaren fråtrukket 15 % administrasjonskostnadar. Dersom Mottaker på eit tidspunkt endrar storleik på administrasjonsgebyret, vil Overdragaren måtte betale ut frå den til einkvar tid gjeldande sats. Mottaker vil varsle Overdragaren dersom slik endring vert vedteken.

Dersom Mottaker som konsekvens av endringar i regelverk eller forståing av regelverk ikkje lenger kan nytte justeringsrettane, kan ikkje Overdragaren krevje utbetalt beløp i samsvar med avtalen. Avtalen faller da i sin heilheit bort samstundes med endringen. Om slike endringar får tilbakeverkande kraft, pliktar Overdragaren å tilbakebetale tidligare utbetalt beløp.

## **2. Betingelser for det økonomiske oppgjeret**

Det er ein føresetnad for gjennomføring av denne avtale at det mellom Partene inngår ein avtale om overføring av justeringsrettigheter når anlegget er ferdigstilt.

Det er vidare ein føresetnad at dei forpliktinger som følgjer av utbyggingsavtale, datert 06.03.2018 vedrørende opparbeiding av Vevleheiane bustadområde er gjennomført i henhald til avtalen,

herunder at all infrastruktur avtalen gjelder skal være fullført i henhold til de krav som er fastsett av Mottaker og at Mottaker skal ha godkjent og overtatt anleggene.

### **3. Ansvar**

#### **3.1 Overdragars ansvar**

Overdragar må syte for at krava i meirverdiavgiftslova og momsforskriftene er oppfylt og syter for naudsynt dokumentasjon. Overdragar garanterer for at kravet er rett og har risikoen for eventuelle feil i beregningen av den justeringsrett overdraging gjeld.

Dersom feil ved beregninga av justeringsretten fører til at skattemyndene krever for mye utbetalt meirverdiavgift tilbakebetalt frå Mottaker plikter Overdragar å dekke det beløp som kreves tilbakebetalt inklusive renter og eventuell ilagt tilleggsavgift. Overdragar pliktar å dekke alle kostnader ved utarbeiding av brev til skattemyndene, klage over vedtak om tilbakebetaling eller eventuelle rettslege skritt som Mottaker gjer etter avtale med Overdragar for om mogleg å avgrense Overdragars ansvar etter dette føresegnet.

Overdragar skal legge fram stadfesting frå revisor for dei kostnader og meirverdiavgiftsbeløp som ligg til grunn for justeringsrettane og for fordelinga av kostnadane mellom dei ulike delene av infrastrukturen.

Dersom det er gjort ein samlet utbygging av anlegg som Mottaker skal overta og anlegg som Mottaker ikkje skal overta, skal stadfesting frå revisor også omfatte fordelinga av kostnader mellom desse to delene.

#### **3.2 Mottakers ansvar**

Mottaker har ansvar for at justeringsbeløpene vert teken med på omsetnadsoppgåver og/eller kompensasjonsoppgåvene til rett tid under føresetnad av at Overdragar har utført sine forpliktingar.

Mottaker pliktar å halde Overdragar løpande orientert om all kontakt med skattemyndene om dei overtekne justeringsrettane.

### **4. Bortfall av justeringsrettane**

Dersom Mottaker sin adgang til å nytte justeringsrettane fell bort eller vert avgrensa, enten som følge av endra bruk av heile eller deler av infrastrukturen eller som følge av regelendringar skal det økonomiske oppgjeret overfor Overdragar endrast tilsvarande.

### **5. Vernetting**

Twist om gildskapen eller tolkningen av denne avtale, og einkver annen twist som måtte oppstå i samband med avtalen, avgjerast etter norsk lov med Nordhordland Tingrett som vernetting.

Denne avtale er utferda i 2 – to – originaleksemplarer og partene får kvart sitt eksemplar i underteikna stand.

[Stad], [dato]

---

Overdragar

---

Mottaker